

TEMA: Byggjeskikken ①115, Jektefart ①89, Kremmerleier ①105

KART: ④440

Svåsand

JONDAL OG JEKTESKIPPERANE

Kring hundreårsskiftet opplevde Jondal ein veritabel høgkonjunktur. Nokre år var faktisk Jondal ein av dei rikaste kommunane i Hardanger. Dette viser att i dei mange velbygde våningshusa som pregar den indre delen av Jondalsøyri; eitt av dei mest homogene tettstadmiljø som er att i Hordaland. Denne velstandsperioden var prega av jekteskipperar og fraktefart. Mot slutten av 1800-talet var det fleire og fleire av fartøyeigarane i Indre Hardanger som gjekk med tap og selde fartøya sine utover til Jondal, som no vart ein kommune med mange fartøyeigarar og båtbyggjarar. Dette oppsvinget har også samanheng med drifta på Solesnes og det transportbehovet denne produksjonen skapte, i tillegg til fraktefarten i fisket og nordlandshandelen. Det var jondelingane og tysnesingane som dominerte denne farten, til han ebba ut fram mot første verdskrigen (①224).

HERANDSHOLMEN

I 1754 rådde futen ANDREAS HEIBERG til at det vart oppretta ein gjestgjevarstad på HERANDSHOLMEN, ettersom det ikkje var nokon overnattingsstad for dei reisande mellom UTNE og GJERMUNDSHAMN; ein strekning på over 7 mil. Den 7. august 1754 gav stiftamtman Cicignon bevilingsbrev til CARL CAMMEROU som gjestgjevar på Herandsholmen. Han skulle føra opp «fornodne Huse» og halda hus og mat for reisande.

Herandsholmen, som ligg like utanfor Herandsbygda, sentralt i leia mellom Indre og Ytre Hardanger, er ein av dei mest velhaldne og autentiske av dei gamle gjestgjevarstadene. Her står det opphavlege anlegget med hovudbygning, tingstove, bestestove, sjøhus, stabbur, fjøs og løe. Korkje i 1770 eller i 1801 står Herandsholmen oppført som gjestgjevarstad, men vi veit at bergensborgaren PETER HARMENS dreiv staden frå 1774. Sjølv sagt vart det også drive litt handel. I første halvdel av 1800-talet var Herandsholmen på fleire hender, til SJUR TORSTEINSSON ALV-SÅKER, som tok namnet Herandsholm, kjøpte staden i 1846. Etter lova av 1842, som delvis oppheva dei gamle handelsprivilegia, vart han den første landhandlaren på Herandsholmen. Handelstaden hadde si glanstid i 1850–70-åra, men etterkvart voks det fram nye handelsstader som hovde betre inn i dei nye dampskipsrutene etter 1870.

Nede ved fjorden på Svåsand, like ved riksvegen, ligg ei lang naustrekkeje; eitt av dei velhaldne eldre naustmiljøa langs Hardangerfjorden. Det er gardane på Svåsand som har sine naust her; fire hovudbruk i eit høpehav som går langt attende i tid.



Nausta på Svåsand.

Bygningane i gardstunet på Svåsand har også kulturhistorisk verdi. Ei av dei gamle røykstovene står framleis i tunet, og to fine tohøgda sengebuer, eit stabbur og eit eldhus. Dei to sengebueene høyrer til kvart sitt bruk. Fleire av bygningane vart flytta til nye tufter etter utskiftinga i 1933; det gamle fellestunet på Svåsand låg meir samla.

Røykstove og sengebu – dei to innhusa på garden – representerer ein av dei klassiske tradisjonane i byggjeskikken på Vestlandet. Røykstova – huset med den opne eldstaden – er bustadhuset gjennom 600 år, heilt fram til midten av 1800-

talet i dei indre fjordbygdene. Sengebua, eller sengeloffet, er også ein bygningstype som går attende til mellomalderen. På 1600-talet får denne bygningen ofte nemninga glasstove; bygningar utan eldstad, ofte i to høgder, med små glasruter og plass til senger, kister og stasklede på loftet. I mange bygder har røykstova og sengebua stått i lag, i andre, som her på Svåsand, står dei kvar for seg. Og dyktige handverkarar har det vore her i desse fjordbygdene; husbyggjarar og båtbyggjarar. Fine detaljar i dører og listverk fortel om det gode handverket. □

Herandsholmen tidleg i dette hundreåret (①108).

